

Vår saksbehandlar

Dokumentdato
24.10.2025Dykkar dato
06.10.2025Vår referanse
2025/10617-2Dykkar referanse
2025/1655-25

VINJE KOMMUNE
Att. Anne-Sofie Bergene Strømme
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Høyringssvar til planarbeid for Åmot næringsområde - utviding av industritomt I14

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til førespurnad datert 06.10.2025 om innspel til planarbeidet knytt til utviding og mindre endring av industritomt gnr./bnr. 16/12 mfl. i Åmot, Vinje kommune. Forslagsstillar er Supercharge AS, og det er planlagt etablering av fossilfrie ladestasjonar og kvileplassar for tungtransport.

Fagmyndigheit brann- og eksplosjonsvernlova¹

DSB er fagmyndigheit etter brann- og eksplosjonsvernlova og tilhøyrande forskrifter. I denne rolla har direktoratet motsegnrett² i plansaker som gjeld verksemder som handterer farleg stoff³. Dette inneber at DSB kan fremje motsegn dersom ein plan kan påverke tryggleiken rundt slike verksemder.

Motsegn retten er særleg aktuell i saker som gjeld storulykkeverksemder – altså verksemder som oppbevarer store mengder farlege kjemikaliar som kan innebere risiko for liv, helse, miljø og materielle verdiar. I slike tilfelle er det viktig at risikoen blir vurdert grundig, og at det blir sett av tilstrekkeleg areal for å sikre tryggleik for omgjevnadene.

For meir informasjon: [Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter](#)

Samfunnstryggleik og ROS-analyse

DSB skal også vere ein pådrivar for at lokale og regionale myndigheiter inkluderer samfunnstryggleik i arealplanlegginga, medan Statsforvaltaren har ansvar for å følgje opp at dette blir gjort. Dette inneber mellom anna krav om at det blir gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) ved planar for nye utbyggingsområde, jf. plan- og bygningslova⁴ § 4-3.

For meir informasjon: [Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging](#)

Brann- og redningsvesenet si rolle

Ved planlegging av verksemder som skal handtere farleg stoff, bør brann- og redningsvesenet involverast tidleg. Dei er tilsynsmyndigheit etter forskrift om handtering av farleg stoff, og har ei viktig rolle i vurdering av tryggleik og beredskap.

¹ Lov 14. juni 2002 nr.20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver.

² Rundskriv H-2/14, 17.02.2014 fra Kommunal- og distriktsdepartementet

³ Med farleg stoff meinast her brannfarleg-, eksplosjonsfarleg-, trykksatt- og reaksjonsfarleg stoff, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 4 bokstav c.

⁴ Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

⁵ Forskrift 8. juni 2009 nr. 602 om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen